



Sunnfjord
kommune

A decorative graphic consisting of a pink circle on the left, connected by a dark green curved line that forms a partial circle around the text.

Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen

Vurdering av strukturgrep for å innfri innsparing- og omstillingskrav i sektoren

Innhald

1	Innleiing	3
2	Bakgrunn	3
2.1	Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen	3
2.2	Tenesteanalyse.....	4
2.3	Vedtekne prinsipp og styrande vedtak	4
2.4	Elevtalsutvikling	5
3	Innsparing ressursmodell	6
5	Nedre grense for elevtal	12
6	Ungdomsskulestruktur	13
	Elevtalsutvikling på ungdomsskulane	13
7	Utarbeiding av strukturtiltak	17
8	Overgangsordningar	22
9	Investeringar	23
	Førde barneskule på ungdomsskulebygget	23
	Hafstad VGS	23
	Slåtten skule.....	23
	Halbrend skule	23
	Viksdalen skule	24
	Sande skule	24
10	Medverknad	25
	Folkemøte	25
	Elevmedverknad.....	25
11	Kommunedirektøren si tilråding	26

1 Innleiing

Dette dokumentet tek føre seg strukturgrep i Sunnfjordskulen som del av arbeidet for å møte dei økonomiske innsparing- og omstillingskrava i sektoren. Kommunen står framfor krevjande val, der målet er å sikre eit berekraftig og kvalitativt godt skuletilbod for framtida. Vi vurderer både kapasitet, kvalitet og økonomiske forhold i sektoren, med eit særleg fokus på dei demografiske endringane som tilseier ein nedgang i elevtalet dei neste åra. Tiltaka som blir presenterte, er vurderte ut frå korleis dei kan påverke økonomien, læringsmiljøet, det sosiale miljøet og dei tilsette.

For å nå kravet om omstilling og innsparing er det behov for å setje i verk ei rekke tiltak. Tilrådinga frå kommunedirektøren er å redusere med to barneskular i Førde sentrum, slå saman ungdomsskulane i sentrum, flytte ungdomsstega på Viksdalen og Skei til Vassenden skule, i tillegg til reduksjon i ressurstildelinga til skulane.

Tiltaka er betydelege og vil påverke store delar av den samla elevmassen i kommunen vår.

Det er lagt opp til brei medverknad i saka, der alle partar – inkludert elevar, føresette og tilsette – får høve til å uttale seg gjennom folkemøte, klasseromsopplegg og kveldsarrangement. Målet er at desse vurderingane skal vere grundige og opne, slik at Sunnfjord kommune kan ta avgjerder basert på både fagleg grunnlag og innspel frå dei det gjeld.

2 Bakgrunn

2.1 Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen

Kunnskapsgrunnlaget i Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen gir ein omfattande analyse av skulesektoren i Sunnfjord kommune. Det skildrar dagens situasjon med omsyn til økonomi, kapasitet og kvalitet, og tek føre seg utfordringar knytt til den demografiske utviklinga, som viser ein nedgang i elevtal og ei auke i tal eldre. Dette skapar eit behov for omstilling og innsparing.

Framskrivingar frå Statistisk sentralbyrå viser at elevtalet vil minke med 450 elevar innan 2029, noko som krev strukturelle endringar i skulesektoren.

Kunnskapsgrunnlaget inneheld òg vurdering av bemanning, skulebygg, og skildrar utfordringar knytt til rekruttering og pedagogisk kvalitet.

Det har blitt lagt til rette for brei medverknad i arbeidet med å utvikle kunnskapsgrunnlaget, der elevar, tilsette og foreldre har vore høyrde gjennom møter og open innspelsrunde. Innspela er ein stor del av kunnskapsgrunnlaget.

2.2 Tenesteanalyse

Tenesteanalysen i Sunnfjord kommune legg opp til ei samla innsparing på 121 millionar kroner og omstilling for 84 millionar kroner i perioden 2024-2032.

Størstedelen av desse tiltaka vil påverke skulesektoren, som må spare 70 millionar kroner. Om ein ikkje gjennomfører strukturelle endringar vil dette krevje reduksjon av lærarstillingar, noko som kan føre til at Sunnfjord ikkje lenger oppfyller krava til lærardekning, spesialundervisning og norskopplæring for framandspråklege elevar.

Analysen framhevar også at sjølv om elevtalet går ned, får ein ikkje tilstrekkeleg effekt av dette utan strukturelle endringar i skulesektoren. Nedlegging av skular og tilpassing til eit mindre elevtal er nødvendig for å oppnå dei økonomiske måla.

Tenesteanalysen understrekar likevel at tidleg innsats og førebyggjande tiltak er viktig for å oppretthalde god kvalitet på tenestene, og at involvering av tillitsvalde og innbyggjarane skal prege omstillingsprosessen.

2.3 Vedtekne prinsipp og styrande vedtak

Den 21.03.2024 gjorde kommunestyret vedtak om ei samla innsparing på 121 millionar kroner og omstilling på 84 millionar kroner. Fram til 2032 skal skulesektoren ha ei samla innsparing og omstilling på 70 279 000 kroner.

Den 25.04.2024 tok kommunestyret kunnskapsgrunnlaget «Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen» til vitande. Kommunedirektøren vart beden om å komme attende med ei sak som syner potensielle tiltak som gjeld driftsmessige forhold, ressursfordeling og struktur.

I formannskapet 19.09.24 vart det gjort vedtak om at ein skulle legge følgjande prinsipp til grunn ved utgreiing av tiltak:

Prinsipp for vurdering av strukturtiltak i skulen skal vere:

1. Ressursfordeling tilpassa utvikling i elevtalet
2. Sentralisering av ungdomsskular og desentraliserte barneskular
3. Fokus på skulestruktur i Førde sentrum

Faglege og sosiale tilhøve må bli vurdert særskilt ved alle strukturtiltaka

I kommunestyret 26.09.24 vart det gjort følgjande vedtak:


Tomta ved Førde barneskule vert valt som tomt for nytt omsorgssenter i Førde.

For å kunne ferdigstille nytt omsorgssenter innan 2030, er vi avhengig av å setje i gong med bygginga allereie hausten 2027.


2.4 Elevtalsutvikling

I arbeidet med tiltaka i denne saka er det gjort utrekningar på effektar fram til og med 2029. Dette fordi det er det siste året vi har sikre barnetal basert på folkeregisteret.

Den totale elevtalsutviklinga frå hausten 2024 til hausten 2029 i Sunnfjord kommune ser slik ut:



Den totale elevtalsutviklinga ser slik ut:



Ytterlegare framskrivingar basert på SSB sine anslag er presentert i kunnskapsgrunnlaget.

3 Innsparing ressursmodell

Sunnfjord kommune har tidlegare hatt ein ressursfordelingsmodell basert på klassedelingstal. Før 2003 hadde opplæringslova ein føresegn om at ein klasse ikkje kunne vere større en 28 elevar på barnetrinnet og 30 på ungdomstrinnet. Dette vart endra til at elevar skulle organiserast i grupper etter kva som er pedagogisk forsvarleg. I inngangen til Sunnfjord kommune vart det bestemt at ein skulle halde på modellen som gav ressursar etter kor mange klassar ein hadde, og vi hadde lokale delingstal. Dette fungerte godt då vi hadde vekst i elevtalet.

Det viste seg derimot at denne ressursfordelingsmodellen ikkje fungerte like godt når elevtalet gjekk ned. Det var krevjande å styre økonomien i sektoren då små endringar i elevgrunnlaget gjorde store utslag i ressurstildelinga. Etter arbeidet med kunnskapsgrunnlaget «kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen» vart det bestemt at Sunnfjord kommune skulle over på ein elevtalsbasert ressursmodell, noko som også er det mest brukte nasjonalt. Ressursmodellen for kommunen er ferdig utvikla, og vil bli tatt i bruk frå hausten 25.

Den nye modellen legg til grunn at ein elev kjem med ein kostnad, uavhengig av kor mange andre elevar som er i same gruppe, klasse eller skule. Modellen har ein grunnressurs på 1000 undervisningstimar som går til kvar skule og kvart skuleslag. Ein kombinertskule vil dermed få 2x grunnressurs. Dette for å sikre at dei minste skulane ikkje kjem under lovpålagt timetal.

Modellen fordelar timar slik:

- **Timar til ordinær undervisning:** Fast ressurs per skule og timar per elev. Gruppestorleik på 2 blir rekna ut for kvar skule og samanlikna med krava i lova.
- **Timar til anna enn undervisning:** Timar per eldre lærar og timar per elev.
- **Timar til spesialundervisning:** Timar per elev og timar per spesialelev (46 elevar i skuleåret 2024–25 med store, medfødde lærevanskar). Om lag 60 % av timane blir tildelte per elev, noko som skal stimulere til tilpassa undervisning.
- **Timar til språkstøtte:** Timar per elev med vedtak.
- **Timar til assistentar:** Fordelt etter omtrent same nøkkel som spesialundervisninga.
- **Lærartimar for barneskule og ungdomsskule** blir omrekna til årsverk i tråd med tariffavtalen (leseplikta).
- **Årsverk til leining:** Fast ressurs per skule.
- **Kommunale stillingar elles (merkantile):** Fast ressurs per skule.
- **Lønn** blir rekna ut som eit gjennomsnitt per skule.
- **Driftsmidlar** blir tildelte per elev, med same sats for alle skular.

Gruppestorleik på 2 er innanfor lovkrava i planperioden ved alle skular. Samla tal årsverk per elev er som tidlegare år. Modellen endrar ikkje dei totale utgiftene, men fordelar ressursane mellom skulane og legg ei meir rettferdig linje.

Den nye ressursmodellen vil i praksis ta ned kostnadane i tråd med elevtalsnedgangen som er framskrive i Sunnfjordskulen. Modellen tek utgangspunkt i barnetal frå folkeregisteret. Modellen framskriv dermed ressursar 5 år. Med utgangspunkt i den nye modellen vil innsparinga på grunn av elevtal sjå slik ut (tal i heile tusen):

	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Elevtal	2 877	2 839	2 770	2 674	2 630	2 576
Netto utgift funksjon 202	378100	377700	369100	358700	351000	345900
Innsparing kumulert		445	9015	19368	27128	32212

Dette syner at elevtalsnedgangen fram til 2029 vil gi ei samla innsparing på 32,2 millionar kroner. Dette er det vi sparar på elevtalsreduksjon aleine, gitt at vi held fram med same skulestruktur som i dag. Differansen som står att mellom denne innsparinga og innsparing- og omstillingskravet sektoren har, må løysast ved å tildele færre timar (styrking, miljøtiltak og andre ikkje lovpålagte timar), eller ved strukturelle grep.

Ressursmodellen som no er tatt i bruk legg til grunn at vi skal oppretthalde ressurstilgangen per elev. Det betyr at dersom elevtalet hadde vore heilt stabilt ville vi ikkje sett noko reduksjon, men berre ei meir rettferdig omfordeling mellom skulane.

Eit innsparingstiltak kan derfor vere å redusere ramma i ressursmodellen, i praksis tildele færre timar per elev. Dette vil i praksis sei at skulane får fleire timar til styrking og oppfølging av elevar med særlege utfordringar. Det vert òg ein drivar for å samle fleire elevar i klassar/grupper for å frigjere timar. Ei reduksjon av ramma vil direkte gripe inn i kvaliteten vi leverer i skulane.

Med ressursmodellen kan vi kontrollere at ein eventuell reduksjon i ramma ikkje utfordrar skulane til å drive utanfor lovverket.

4 Tiltak som er greia ut

Tiltaka har kvart sitt dokument som går djupare inn i vurderingane. Desse er lagt til som vedlegg i saka. Alle tiltak har berekningar på innsparingar gitt at dei vert iverksett hausten 2026 for at ein lettare skal kunne samanlikne effektane av tiltaka.

Summert opp ser tiltaka slik ut:

Tiltak A – «Heile Førde» ungdomsskule			
<ul style="list-style-type: none">• Slå saman Førde ungdomsskule og ungdomssteget på Halbrend i sentrum• Slå saman Førde barneskule med Slåtten og Flatene krins			
Alternativ 1		Alternativ 2	
<ul style="list-style-type: none">• Samle alle elevane i Flatene krins til Halbrend skule som blir ny 1.-7.- skule		<ul style="list-style-type: none">• Halde fram med to skulebygg i Flatene skulekrins.	
Sentrale moment: <ul style="list-style-type: none">• Kapasiteten vert utfordra på Hafstad VGS, og Slåtten skule. – Vil føre til investeringsbehov.• Redusert investeringsbehov ved at ein ikkje treng bygge om ungdomsskulebygget til barneskule.• Utfordrande skuleveg for elevar som bur på Hornes, Bergum, Haugum og Hundvebakke.• Med full Hafstad VGS vil det ikkje vere mogleg å gjere ytterlegare grep på ungdomsskulane utanfor sentrum.• Tiltaket er ikkje tilstrekkeleg for å nå innsparing- og omstillingskrav. Bør vurderast i kombinasjon med tiltak D, E og/eller F.			
Økonomisk effekt (alternativ 1):			Tal i 1000kr
2026	2027	2028	2029
kr 5 062	kr 13 964	kr 14 295	kr 14 311
Økonomisk effekt (alternativ 2):			
2026	2027	2028	2029
kr 2 096	kr 6 845	kr 7 181	kr 7 194

Tiltak B – To ungdomsskular i sentrum			
<ul style="list-style-type: none"> • Nye Førde ungdomsskule tar inn elevar frå Sunde og Holsen krins. • Vassenden skule sitt ungdomssteg vert flytta til Nye Førde ungdomsskule. • Slå saman Førde barneskule med Slåtten og Flatene krins • Flatene blir 1.-4.-skule og Halbrend 5.-10. • Flytte ungdomsskuleelevar frå Viksdalen til Førde ungdomsskule 			
Sentrale moment:			
<ul style="list-style-type: none"> • Framleis to ungdomsskular og delt ungdomsmiljø i sentrum. • Utfordrande skuleveg for elevar som bur på Hornes, Bergum, Haugum og Hundvebakke. • Utforar kapasiteten på Slåtten- vil føre til investeringsbehov. • Lang reiseveg for elevar i Viksdalen • Tiltaket er ikkje tilstrekkeleg for å nå innsparing- og omstillingskrav. • Unngår å maksimere kapasiteten på Hafstad VGS-bygget 			
Økonomisk effekt:			Tal i 1000 kr
2026	2027	2028	2029
kr 3 873	Kr 9 885	kr 9 445	kr 9 468

Tiltak C – «Heile Førde» ungdomsskule, med bevaring av Førde barneskule			
<ul style="list-style-type: none"> • Slå saman ungdomsskulane i sentrum 			
Alternativ 1		Alternativ 2	
<ul style="list-style-type: none"> • Samle alle elevane i Flatene krins til Halbrend skule som blir ny 1.-7.- skule 		<ul style="list-style-type: none"> • Halde fram med to skulebygg i Flatene skulekrins. 	
Sentrale moment:			
<ul style="list-style-type: none"> • Kapasiteten vert utfordra på Hafstad VGS. • Med full Hafstad VGS vil det ikkje vere mogleg å gjere ytterlegare grep på ungdomsskulane utanfor sentrum. • Tiltaket må sjåast i samanheng med andre tiltak for å nå innsparing- og omstillingsmål. • Om ein samanliknar tiltaket med tiltak A ser ein utslaget nedlegginga av Førde barneskule gir. 			
Økonomisk effekt (alternativ 1):			Tal i 1000 kr
2026	2027	2028	2029
kr 3 981	kr 8 790	kr 8 363	kr 8 387
Økonomisk effekt (alternativ 2):			
2026	2027	2028	2029
kr 1 260	kr 2 692	kr 2 208	kr 2 162

Tiltak D – Styrke Vassenden skule			
<ul style="list-style-type: none"> • Ungdomsskuleelevar frå Viksdalen vert flytta til Vassenden, og Viksdalen vert gjort om til oppveksttun med barnehage og 1.-7. steg. • Holsen krins vert flytta frå ungdomsskule i Førde sentrum til Vassenden • Flytte ungdomssteget på Skei til Vassenden. 			
Sentrale moment:			
<ul style="list-style-type: none"> • Kan kombinerast med tiltak A 			
Økonomisk effekt:			Tal i heile 1000 kr
2026	2027	2028	2029
kr 3 374	kr 7 642	kr 6 888	kr 6 563

Tiltak E – Legge ned Vassenden skule			
<ul style="list-style-type: none"> • Ungdomsskuleelevane ved Vassenden skule vert flytta til nye Førde ungdomsskule • Barneskuleelevane ved Vassenden skule vert flytta til Sunde skule • Kringsgrensejustering – Slik at Skei skule strekk seg til og med Ålhus. 			
Sentrale moment:			
<ul style="list-style-type: none"> • Nye kringsgrenser i Jølster • Store skysskostnadar som reduserer den økonomiske effekten 			
Økonomisk effekt:			Tal i heile 1000 kr
2026	2027	2028	2029
kr 3 851	kr 10 180	kr 10 237	kr 10 249

Tiltak F – Samanslåing Viksdalen og Holsen			
<ul style="list-style-type: none"> • Samanslåing av Holsen og Viksdalen skule for å sikre ein berekraftig skule i området. 			
Alternativ 1		Alternativ 2	
<ul style="list-style-type: none"> • Flytte elevar frå Haukedalen til Viksdalen • Flytte elevar på Holsen til Sunde 		<ul style="list-style-type: none"> • Flytte elevar ved Viksdalen skule til Holsen og nye Førde Ungdomsskule 	
Sentrale moment:			
<ul style="list-style-type: none"> • Store avstandar. • Innbyggjarar i Haukedalen har vore tydelege på at dei ynskjer seg til Holsen og ikkje til Viksdalen (reisemønster arbeid, Førde sentrum). • Innsparing på bygg på Holsen er avhengig av at også barnehagen vert flytta. 			
Økonomisk effekt alternativ 1:			Tal i heile 1000 kr
2026	2027	2028	2029
kr 185	kr 1 362	kr 1 638	kr 1 768
Økonomisk effekt alternativ 2:			
2026	2027	2028	2029
kr 1 643	kr 4 730	kr 4 729	kr 4 732

Tiltak G – Redusere ramma			
<ul style="list-style-type: none"> • Justering av ressursmodellen slik at den samla ramma vert redusert. Det kan reduserast i <ul style="list-style-type: none"> ○ timar gitt til per elev ○ grunnressurs til kvar skuleslag ○ timar til anna enn undervisning ○ driftsmidlar ○ vikarmidlar ○ leiingsressurs ○ merkantilt 			
Sentrale moment: <ul style="list-style-type: none"> • Vil ha stor betydning for evna til å oppretthalde kvaliteten i Sunnfjordskulen • Ved å ta ned ramma i ressursfordelingsmodellen tar ein også ned effekten av strukturelle tiltak. 			
Økonomisk effekt:			Tal i heile 1000 kr
2026	2027	2028	2029
Kr 6 500	Kr 6 500	Kr 6 500	Kr 6 500

Tiltak H – Samle Vassenden skule i eitt bygg			
<ul style="list-style-type: none"> • Ungdomsskulen vert flytta til bygget der barneskulen er i dag. 			
Sentrale moment: <ul style="list-style-type: none"> • Trengsel på uteområdet. • God nok kapasitet i bygget til å huse alle elevane frå 1.-10. • Å samle personalet vil styrke personalet sine føresetnader for å jobbe med utviklingsarbeid saman, noko som igjen vil kunne betre kvaliteten på opplæringa. 			
Økonomisk effekt:			
Bygg og eigendomsforvaltninga i kommunen har stipulert at det i dag kostar 4,4 millionar kroner å halde ungdomsskulebygget, inkludert reinhald.			

Tiltak I – Hafstad Ungdomsskule			
<ul style="list-style-type: none"> • Førde barneskule vert lagt ned, elevar fordelt mellom Slåtten og Halbrend skular. • Flatene skule blir lagt ned, og elevane vert flytta til Halbrend skule, som blir ny 1.-7.-skule. • Fusk blir verande i dagens skulebygg. • Ungdomsskuleelevane frå Vassenden, Viksdalen, Naustdal og Halbrend skular vert flytta til skulebygget på Hafstad og utgjør Hafstad ungdomsskule. 			
Sentrale moment: <ul style="list-style-type: none"> • Betydeleg tal ungdomskuleelevar i sentrum • Spennande synergjar med å ta to ungdomsskular så tett, med Førdehuset som midtpunkt mellom dei. 			
Økonomisk effekt:			Tal i heile 1000 kr
2026	2027	2028	2029
Kr 7 236	Kr 18 927	Kr 19 031	Kr 19 060

Tiltak J – Legge ned Sunde skule			
<ul style="list-style-type: none"> • Legge ned Sunde skule, og... <ul style="list-style-type: none"> ○ flytte elevane til Førde barneskule, eller ○ flytte elevane til Slåtten skule, og utvide Førde barneskule sin krins opp til Prestefoss bru for å redusere trykket på Slåtten, eller ○ flytte elevane til Flatene og Halbrend skular 			
Sentrale moment:			
<ul style="list-style-type: none"> • Stor auke i tal elevar med skuleskyss. • Behov for kringsgrensejustering i sentrum for å unngå kapasitetsutfordringar. 			
Økonomisk effekt:			Tal i heile 1000 kr
2026	2027	2028	2029
kr 1 569	kr 4 490	kr 4 483	kr 4 481

5 Nedre grense for elevtal

For å førebygge krevjande prosessar i samband med avvikling av skular med manglande elevgrunnlag lagar vi nedre grenser for elevtal. Ved å setje ei slik grense vil det bli meir føreseieleg for elevar, foreldre og tilsette. Grensene er vurdert ut i frå kva som er sosialt og pedagogisk forsvarleg for elevane.

Flytting av ungdomssteg	Ved totalt elevtal på ungdomssteget under 12 elevar.
Avvikling av skulen	Dersom samla elevtal på eit hovudsteg (1.-4. eller 5.-7.) er under 6, eller samla elevtal på heile barnetrinnet (1.-10.) er under 10.

6 Ungdomsskulestruktur


I Sunnfjord kommune er det i dag 7 skular med elevar på 8.-10.- steg.

Tabell 1 - Elevtalet er henta frå GSI og kan avvike frå tal folkeregistrerte barn på grunn av dispensasjonar til å gå på anna skule enn nærskulen og gjesteelevar frå andre kommunar.


Skule	Elevtal ungdomssteg skuleåret 24/25
Naustdal skule	101
Førde ungdomsskule	293
Halbrend skule	290
Vassenden skule	90
Skei skule	45
Sande skule	107
Viksdalen skule	12

Førde ungdomsskule er den einaste reine ungdomsskulen. Dei andre skulane er 1.-10. skular, med unntak av Halbrend skule som i dag har 6.-10.


Elevtalsutvikling på ungdomsskulane




Førde ungdomsskule




Sande skule - Ungdomssteg




Viksdalen skule - Ungdomssteg



Skei skule - Ungdomssteg





Kjenneteikn på ungdomsskular

I Sunnfjord kommune er det 7 ungdomsskular, det er fleire enn vanleg i kommunar av same storleik. Kommunar vi samanliknar med har 3-4 ungdomsskular som er sentraliserte, med fleire desentraliserte barneskular. Drift av ungdomsskular har ein høgare kostnad enn barneskular, fordi timetalet er høgare, lærarane underviser i færre timar og det er fleire valfag og tilvalsfag. Det er og behov for fleire spesialrom, som skulekjøkken, kunst og handverk.

Kompetansekrava til lærarane er høgare for å undervise på ungdomstrinnet enn på barnetrinnet. Kompetanseforskrifta stiller krav om 60 studiepoeng i norsk, engelsk og matematikk. I andre fag er krava 30 studiepoeng. I praktisk-estetiske fag, som til dømes i musikk og kunst og handverk, bør lærar ha kompetanse i å utøve og handtere ulike teknikkar. For at elevane skal få eit godt tilbod i valfag og tilvalsfag (språkfag) må lærar ha rett kompetanse. Det er i dag ulike tilbod mellom skulane. Skular med fleire elevar og klassar kan tilby til dømes trafikalt grunnkurs og fleire språkfag.

Det er utfordringar med å rekruttere lærarar og spesielt i fleire fag. Desse utfordringane vil bli forsterka i framtida. For ungdomstrinnet er det særleg viktig å kunne utnytte den kompetansen som skulen har tilgang på. Ein lærar som har norsk som fag har ofte ikkje undervisningskompetanse i andre skriftlege fag og blir definert som ufaglært om læraren underviser til dømes i naturfag. Ein ungdomsskule med få klassar kan ikkje utnytte kompetansen tilstrekkeleg, fordi det ikkje er timegrunnlag til å fylle opp stillinga i læraren sitt fag. I språkfag og praktisk estetiske fag er utnytting av kompetanse særleg utfordrande. Ein språklærar i tilvalsfag som til dømes spansk, får berre utnytta kompetansen sin nokre få timar i veka. Det same gjeld for faglærarar i kunst og handverk.

Det profesjonsfaglege samarbeidet er viktig for lærarane og på ungdomstrinnet er behovet for fagleg samarbeid og utvikling stort. Lærarane har behov for å samarbeide fagleg når det gjeld profesjonsutvikling og oppdatering sitt eige fag. På ungdomstrinnet skal elevane vurderast med karakter og det er krevjande og måle elevar opp mot kompetansemåla. I vurderingsarbeidet er det viktig å ha felles kriteria for vurdering av elevar. Samhandling om kriteria er viktig for likeverdig vurdering av elevar.

St.meld 34 om å utvikle ein meir praktisk skule, inneber at skule har tilgang på kompetanse og fasilitetar for å kunne arbeide praktisk. For å kunne utnytte ressursane på ein god måte er det naudsynt at fleire elevar har tilgang til ressursane som er tilgjengeleg som utstyr, eigna rom og verkstadar.

Det sosiale arbeidet i skulen er svært viktig. Vi veit at psykisk u-helse og skulefråvær aukar på ungdomstrinnet. Mobbing og utanforskap er ei aukande problemstilling som må arbeidast med framover. For å arbeide med desse problemstillingane er det behov for å forsterke laget rundt barna. God tilgang på helsesjukepleiar, miljøarbeidar og spesialpedagogar er avgjerande for å lukkast. Ungdomane har behov for å bli følgt opp av fagpersonar for å handtere dei utfordringane som dei står i. Skal vi få til gode lag rundt barnet er det avgjerande at vi klarar å utnytte kapasiteten og kompetansen på ein god måte i framtida.

Kjenneteikna på ungdomstrinnet er behov for kompetanse, høgare kostand, fleire fag, meir spesialisering, tilgang på fasilitetar og behov for eit sterkt lag rundt ungdomane. Skal vi lukkast med å oppfylle desse krava må vi utnytte ressursar og kompetanse på ein god og berekraftig måte i framtida.

7 Utarbeiding av strukturtiltak

I arbeidet med å utarbeide strukturtiltaka er det fleire moment som er lagt til grunn.

SFO

Ved samlokalisering /nedlegging av barneskular vil vi få stordriftsfordelar ved SFO-drifta. Vi fordelar ressursar i dag etter tal elevar, og kva pass elevane har. Regjeringa har innført gratis kjernetid for elevar på 1.-3. trinn, noko som har ført til ei betydeleg auke i tal elevar på SFO. Dette er positivt for å sikre inkludering i elevgruppa.

Det har vist seg å vere utfordrande å skalere opp drifta til den auka elevmassen, innafor dei økonomiske rammene som tilskotet gir. SFO i Sunnfjord kommune har derfor blitt mindre lønsam som følge av innføringa av gratis plassar. Dette har samanheng med skulestrukturen vår, og korleis SFO er organisert på dei ulike skulane.

I Sunnfjord kommune reknar vi eit årsverk per. 16. barn. Også i denne fordelinga vil redusert elevtal kunne gi noko innsparing. Med elevtalsutviklinga som forholdstal ser vi føre oss at totalkostnad på SFO vil bli redusert med 4 millionar i 2029.

Faglege og sosiale tilhøve

Fagmiljø og læringsutbytte

Vi har vurdert korleis endringar kan påverke rekruttering og stabilitet av lærarar med fagkompetanse. Vidare har vi undersøkt om strukturtiltak vil gi elevane betre tilgang til eit breiare fagtilbod, spesialiserte lærarar og støttefunksjonar, eller om tilbodet vil bli innskrenka. Når det gjeld tilrettelegging, har vi vurdert om strukturendringar vil kunne påverke moglegheitene for tilpassa opplæring, særleg for elevar med særskilte behov.

Klassestorleik og læringsmiljø

Vi har vurdert korleis ulike strukturtiltak kan påverke klassestorleiken, med tanke på at store klassar kan utfordre både læringsmiljøet og den individuelle oppfølginga. Vidare har vi vurdert korleis skulestrukturen påverkar elevsamarbeid, der mindre skular kan gi tettare klassefelleskap, medan større skular kan gi auka moglegheiter for varierte sosiale nettverk og samarbeid.

Elevmiljø og trivsel

Vi har vurdert korleis endringar i skulestrukturen kan påverke elevane si kjensle av tryggleik og tilhøyrse, særleg for dei som eventuelt må bytte skulemiljø. Vi har også vurdert korleis ulike alternativ kan styrke eller svekke denne kjensla. Når det gjeld sosial integrering, har vi vurdert at større skular kan gjere det lettare for elevane å finne venar med liknande interesser, medan mindre skular kan tilby ein meir oversiktleg sosial struktur.

Overgangar og kontinuitet

Vi har vurdert korleis strukturtiltak kan påverke kontinuiteten i undervisninga og overgangane mellom trinn, med tanke på at hyppige skulebytte kan vere krevjande for enkelte elevar, spesielt dei som treng ekstra støtte. I tillegg har vi vurdert betydninga av langsiktig tilhøyrse, der enkelte elevar, særleg dei yngre, kan ha behov for å bli verande i same miljø over tid for å sikre stabilitet i læringa.

Fellesaktivitetar og identitet

Vi har vurdert korleis strukturtiltak kan påverke opplevinga eleven har av skulen sin identitet og fellesskapskjensla, og spesielt korleis endringar kan påverke elevane si oppleving av å vere del av eit fellesskap. Dette omfattar også skuletradisjonar og sosiale aktivitetar som bidreg til ein sterk skuleidentitet.

Driftskostnadar bygg

Det er gjort utrekningar på kva det kostar å drifte bygningsmassen som vert nytta til skule. I denne utrekninga har vi fordelt kostnadar på tal kvadratmeter på kvar enkelt skule. I realiteten vil ikkje kostnadane fordele seg slik, då bygga har større og mindre behov, ulike år. I utrekninga har vi tatt med utgiftene BEF har på drifta, i tillegg til eit snitt på kva som vert brukt på investering i skulebygga (Ca 27 MNOK samla for sektoren). Det er òg gjort ei utrekning på kor mykje som vert nytta på reinhald. Denne utrekninga er meir usikker då utgiftene ikkje vert ført på skulebygget isolert,

men på heile bygningsmassen (evt. hallar og bibliotek vert medrekna). For reinhald har vi tatt utgangspunkt i forbruket 2023. Vi har ikkje tatt med utgifter knyt til brøyting og vedlikehald av veg.

For å realisere innsparingspotensiale knytt til byggdrift er vi avhengige av å ta ned ramma til Bygg og eigendomsforvaltninga tilsvarande kostnaden som er estimert på aktuelt bygg. Det vil mellom anna sei reduksjon i årsverk vaktmeister, reinhald osv.

Ombruk skulebygg

Det er fleire skulebygg som kan vere aktuelle for nytt innhald. Vurderingar av ulike tiltak tar derfor opp i seg innsparingspotensial som ligg i at andre einingar kan nytte seg av tomme skulebygg.

Det er vedtatt at **Førde barneskule-tomta** skal nyttast til ny omsorgsheim. Dette vil i følgje framlegget i kommunestyret 26.09.24 i sak 085/24, gje reduserte investeringskostnadar på om lag 88 MNOK, kontra å bruke tomta på Løken, Indre Øyrane.

Førde ungdomsskule -bygget er tenkt til ny barneskule. Norconsult har levert ein rapport der dei har vurdert bygget som ny barneskule. Dei skisserer to alternativ for oppgradering, eitt på 27,5 og eitt på 39 MNOK.

Dersom **Førde ungdomsskule**-bygget ikkje skal nyttast som skulebygg er det ein bygningsmasse som kan tilpassast behova til fleire tenester. Vaksenopplæring og integrering og aktivitetseininga er to aktuelle einingar som i dag leiger areal hjå private aktørar. Solsida barnehage avd. Toene grensar til ungdomsskulen, og har eit uteareal langt under arealnorma i barnehagevedtektene. Dei manglar om lag 500m² og barnehagen kan truleg utvide sitt uteområde dersom det ikkje vert barneskule i bygget.

Flatene skule sitt skulebygg består av fleire frittståande bygg. Bygget kan vere aktuelt å nytte til barnehage, eller andre kommunale tenester. Bygget kan og seljast, som vil gje ytterlegare økonomisk effekt.

Bygdetunet i **Viksdalen** kan seljast dersom ein får flytta tenestene som nyttar huset i dag til Viksdalen skule. Tilbod som «onsdagskafe» og liknande, som held til på Bygdetunet i dag bør også kunne avviklast på skulen.

Skuleveg

Reiseveg

Lang reiseveg kan vere ei ulempe for elevane, både når det gjeld læring og trivsel. For yngre elevar kan lange reisetider føre til auka trøytteleik og mindre overskot til både skulearbeid og fritidsaktivitetar. For dei minste elevane er det viktig å ta omsyn til behovet for tryggleik og nærleik til skulemiljøet, og at dei ikkje får for lang og krevjande reiseveg. Når det gjeld eldre elevar, kan ein noko lengre reiseveg vere meir akseptabelt, men vi må likevel ta i betraktning at også dei kan oppleve stress og utmatting ved lengre daglege reiser.

Kommunen vår er langstrakt, og det er difor ikkje til å unngå at enkelte elevar vil få lengre reiseveg til skulen. I vurderinga av skuleveg legg vi difor vekt på elevens alder og modningsnivå, slik at reisetida ikkje går utover eleven sitt velvære eller læringsutbytte. Vår målsetjing er å tilpasse skulestrukturen slik at alle elevar, uansett alder, får ein trygg, effektiv og balansert kvardag som tek omsyn til både psykososiale og praktiske behov.

Trygg skuleveg

Trygg skuleveg er ein kritisk faktor i vurderinga av tiltaka. Ifølge retningslinjene for vurdering av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg i Sunnfjord kommune er det fleire faktorar som avgjer om ein skuleveg kan reknast som trygg. Dette inkluderer objektive forhold som trafikkettleik, fartsnivå, vegbreidde og tilrettelagte gangvegar. I tillegg er lysforhold og sikt langs vegen viktige moment, særleg i vinterhalvåret når mørke og glatte vegar kan forverre tryggleiken betrakteleg.

Strukturgrep som inneber lengre skuleveg for enkelte elevar må vurderast spesielt, då opplæringslova gir rett til gratis skuleskyss for elevar som bur langt unna, eller som har særleg farlege eller vanskelege skulevegar. Likevel understrekar retningslinjene at tryggleiken ikkje berre handlar om skuleskyss, men også om korleis elevane sjølve ferdast til og frå skulen. Ansvaret for å lære elevane trafikkreglar ligg både hos skulen og føresette, men kommunen har eit ansvar for å sikre at elevane sin reiseveg er så trygg som mogleg.

Vurdering av barnet sitt beste

Når vi vurderer endringar i grunnskulestrukturen, er det avgjerande å setje barnets beste i sentrum av alle avgjerder. Prinsippet om barnets beste er forankra i Grunnloven § 104 og FNs barnekonvensjon artikkel 3. Dette pålegg oss eit ansvar for å sikre at barn sine interesser ikkje blir underordna andre omsyn i saker som påverkar dei, direkte eller indirekte.

Barnets beste er ikkje berre eit ideal, men eit juridisk krav som legg grunnlaget for å ivareta rettane og velferda til barn. Ei barnerelevansvurdering gir tryggleik for at alle avgjerder som angår skulekvardagen, har tatt høgde for konsekvensane for barnet, og sikrar at desse er vurdert på ein systematisk måte.

I ei tid med elevtalsnedgang er det avgjerande at ressursane blir brukte effektivt, slik at kvar elev kan ha ein trygg og utviklande skulekvardag.

Ein meir føreseieleg struktur vil kunne gi kommunane eit stabilt økonomisk grunnlag, som i sin tur sikrar nødvendig støtte rundt kvar elev. Dette er viktig for alle elevar, men særskilt for dei som er i sårbare situasjonar og har behov for ekstra støtte i skulekvardagen. Ved å sikre ei stabil økonomisk ramme blir det enklare å oppretthalde nødvendige ressursar i skulemiljøet.

Potensielle fordelar for elevane

- Føreseielegheit og stabilitet: Ein struktur som er tilpassa det faktiske elevgrunnlaget, vil sikre at elevane har eit forutsigbart og stabilt skulemiljø. Dette skapar ein trygg ramme for elevane i kvardagen, og gjer det enklare for skulen å gi kontinuerleg oppfølging.
- Profesjonsfellesskap blant lærarane: Strukturendringar kan styrke samarbeidet mellom lærarar og leggje til rette for utvikling av kollektive kompetansmiljø, noko som aukar kvaliteten i undervisninga. Teamorganisering og kollegasamarbeid gir betre moglegheiter for lærarane til å dele kunnskap og utvikle pedagogisk praksis som kjem elevane til gode.
- Støttande ressursar rundt eleven: Med stabil økonomi kan ein i større grad oppretthalde viktige støttefunksjonar, som miljøarbeidarar, spesialpedagogar og andre som bidreg til eit godt læringsmiljø. Dette laget rundt eleven er avgjerande for at alle skal få ei positiv skuleoppleving, men spesielt viktig for dei som treng ekstra støtte.

Potensielle ulemper for elevane

- Lengre reiseveg: Endringar i strukturen kan føre til at elevar må reise lenger for å nå skulen, noko som vil påverke kvardagen for enkelte. Lenger reiseveg kan redusere elevane si tilknytning til lokalmiljøet, og gje utfordringar med å oppretthalde eit godt sosialt nettverk i skulekvardagen.
- Elevar som får ein vanskelegare og meir krevjande skuleveg.
- Potensiell reduksjon i nærheit til skulen: For enkelte familiar kan nedlegging av lokale skular opplevast som ei svekking av nærmiljøet. Tilknyttinga til skulen og miljøet kring vil kunne bli redusert dersom elevane må reise til ein annan skule i kommunen.

Sårbare elevar og tilpassa opplæring

Endringar i skulestrukturen skal ikkje gå utover rettane til elevar med behov for tilrettelagt opplæring. I tråd med gjeldande praksis skal tilbodet til desse elevane vurderast individuelt, og dei vil få oppfylt sine rettar uavhengig av endringane som blir gjort. Målet er at ingen elevar skal miste den tilrettelegginga dei treng for å meistre kvardagen i skulen.

Det er òg viktig å styrke arbeidet med laget kring barnet. Eit team rundt eleven som inkluderer rådgjevarar, miljøarbeidarar, spesialpedagogar og anna støttande

personell, vil vere avgjerande for at elevar i sårbare situasjonar får eit heilskapleg støttande tilbod. Desse ressursane må oppretthaldast og utviklast vidare så langt det let seg gjere i alle strukturar som blir implementert.

Barnet si stemme

Ei avgjerande side ved vurderingane er involvering av elevane sjølv, noko som bidreg til å sikre at vi får eit realistisk og breitt bilde av kva utfordringar og behov elevane opplever. Du kan lese meir om korleis vi ser føre oss medverknad frå elevane i kapittelet om medverknad.

Samla sett er vurderinga at strukturendringar kan bidra til å styrke kvaliteten i grunnskulen for alle elevar, ved å gi ei meir føreseieleg og stabil skulestruktur. Dette vil støtte opp om utvikling av sterke fagmiljø som gagnar elevane sitt læringsutbytte og trivsel.

8 Overgangsordningar

Vi legg fram ei rekkje strukturtiltak på høyring, der alle tiltaka har planlagt oppstart hausten 2026. Årsaka til at tiltaka har lik oppstart, er for å sikre ei mest mogleg oversiktleg og rettferdig vurdering av tiltaka opp mot kvarandre.

Når kommunedirektøren legg fram den endelege saka etter høyringa, vil det bli presentert ei prioritert rekkefølge for gjennomføring av tiltaka, med praktiske og faglege omsyn. Samstundes vil det bli lagt fram ein plan som skal sikre at ein eventuell overgang blir så smidig og skånsam som mogleg både for elevar og tilsette.

Eleven sitt beste skal stå i sentrum i heile prosessen. For å oppnå dette vil vi til dømes vurdere løysingar som i størst mogleg grad reduserer tal overgangar for elevane, og gi anledning til å fullføre skulegangen sin på ein naturleg måte der det er mogleg. Til dømes kan dette bety at evar får byrje på «ny skule» tidlegare eller halde fram på sin eksisterande skule fram til eit naturleg overgangstidspunkt, avhengig av kva tiltak som eventuelt vert vedtatt.

Vi ønskjer òg å sikre at dei tilsette vert tekne godt vare på i denne prosessen. Dette vil bli gjort i tett samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar, slik at endringane kan gjennomførast på ein trygg og føreseieleg måte for alle partar.

9 Investeringar

Førde barneskule på ungdomsskulebygget

Rapporten til Norconsult la til grunn to alternativ for oppgradering av Førde ungdomsskule sitt bygg i 2022, slik at det skal bli tilpassa barneskuledrift. Alternativ 1, som hadde minimale byggmessige tiltak, var rekna til 27 589 050 kroner. Alternativ 2 som hadde betre løysningar vart rekna til 39 066 450kr. Det er knytt usikkerheit til dette anslaget. Etter skulebrannen har mykje av bygningsmassen blitt oppgradert, noko som kan bidra til reduserte kostnader.

I begge alternativa var det rekna 2,5 millionar kroner til utbetring av uteområdet. Det er laga ein plan for uteområde som viser korleis uteområdet kring ungdomsskulebygget kan tilpassast drift for barnehage. Denne vart lagt fram for formannskapet den 14.03.2024 (sak 044/24). Denne utanomhusplanen er ikkje kostnadsberekna.

I økonomiplanen er det sett av 30 millionar kroner til tiltaket, 15 i 2026 og 15 i 2027.

Hafstad VGS

Norconsult utarbeidde òg ein rapport for å kartlegge Hafstad VGS-bygget som ny ungdomsskule. Som med rapporten for Førde barneskule er det utarbeidd to alternativ for utbetring av bygget. Alternativ 1 hadde ein kostnadsberekning på 17 040 581 kroner og var basert på minimale byggmessige tiltak for å huse 480 elevar. Alternativ 2, som optimaliserer funksjonaliteten syner grovkalkyla eit investeringsbehov på 34 117 238 kroner.

Det er avsett 34 millionar kroner i økonomiplanen, 10 i 2024 og 24 i 2025.

Slåtten skule

Slåtten skule har 21 klasserom, der eitt av dei er mindre eigna. Dette gir ein kapasitet på maksimalt 500 elevar dersom vi har 25 elevar i kvart klasserom. Det er trengsel på spesialrom som grupperom og gymsal med dagens elevtal på 413, og skulen melder om behov for areal til arbeidsplassar for lærarane. Dette vil bli ei større utfordring ved enda høgare elevtal.

Dersom vi skal flytte elevar frå Førde barneskule til Slåtten kan det utløyse eit behov for investering. Det er ikkje greia ut kva tiltak som er naudsynte, men vi legg til grunn at det er tilstrekkeleg med klasserom dersom elevtalet ikkje overstig 500. Utbetringa på Slåtten vil dermed vere knytt til spesialrom og kontorplassar til dei tilsette. Om det er mogleg å løyse i eksisterande bygningsmasse, eller om ein må føre opp nye bygg er ikkje greia ut. Behovet for investering kjem som resultat av nedlegging av Førde barneskule, som igjen reduserer investeringsbehov på gamle Førde ungdomsskule. Dette bør sjåast i samanheng.

Halbrend skule

Dersom Halbrend skule skal tilpassast dei yngste elevane bør ein truleg gjere nokre investeringar. Dette vil primært vere knytt til garderobefasilitetar og areal til SFO. Halbrend skule har mykje areal, mellom anna ein gymsal som kan omdisponerast då det er tilgang til Halbrendshallen på dagtid.

Det kan også vere behov for å gjere nokon utbetringar på uteområde for å tilpassast leiken til dei yngste elevane. Her må ein sjå kva som kan brukast opp att frå Førde barneskule og/eller Flatene skule.

Viksdalen skule

Dersom Viksdalen skule skal nyttast som oppvekststun vil det vere behov for mindre justeringar for å tilpasse bygget til barnehagedrift, og eventuelt bibliotekdrift. Her vil det også vere behov for å gjere tilpassingar på uteområdet, slik at det vert eit kvalitativt godt tilbod for barnehagebarna. Det må vurderast kva som kan brukast opp att frå barnehagen sine noverande lokale.

Sande skule

Sande skule, som vart bygd i 1967, har gjennomgått fleire utbyggingar fram til 2013. Den siste utbygginga inkluderte bygging av ein ny fleirbrukshall og rehabilitering av skuledelen i Fløy D, med eit mindre tilbygg for supplerande læringsareal. I juni 2022 vedtok Sunnfjord kommunestyre å rehabiliter og byggje ut Sande skule. Målet for prosjektet er å legge til rette for ein skule for 300 elevar og om lag 50 tilsette. Det skal leggjast vekt på arealeffektive løysingar med fleirbruk og sambruk av lokale. Skulen sine lokale skal òg planleggast for aktivitetar utanom kjernetid, som til dømes undervisning i kulturskulen.

I 2019 gjennomførte Sweco AS og ARKI Arkitektar ein teknisk tilstandsrapport for dei eksisterande bygga, på oppdrag frå dåverande Gaular kommune. Rapporten tilrådde særleg rehabilitering og utbetring av Fløy A, B, C og E. Rapporten konkluderte med at sjølv om skulen har ein god og oversiktleg planstruktur, er det behov for utbygging på grunn av manglar knytt til garderobar, grupperom, lærararbeidsplassar og generelle fellesareal. Det samla arealbehovet for skulen er estimert til om lag 5000 kvadratmeter.

Prosjektet på Sande skule skal gjennomførast så berekraftig som mogleg og er valt ut som pilotprosjekt for Sirkulære Sunnfjord. Dette legg eit ekstra fokus på innovative og miljøvenlege løysingar for framtida.

I økonomiplanen som er lagt fram til behandling er det sett av 205 millionar kroner til investering på Sande skule.

10 Medverknad

vi vil legge til rette for at alle partar har tilgang til informasjon gjennom fleire kanalar. Saka vert fortløpande oppdatert på nettsida til kommunen, og det vil bli arrangert folkemøte, eige undervisningsopplegg for elevar og kveldsarrangement for tilsette. I tillegg vil vi besøke skulane for samtalar med dei tilsette, slik at alle kan få uttrykkje sine synspunkt og få svar på spørsmål.

Folkemøte

Eit folkemøte er ein avgjerande arena for å sikre openheit og medverknad i saker som handlar om skulestruktur. Når kommunen vurderer endringar som vil påverke elevane, deira kvardag og lokalsamfunnet, er det essensielt å involvere innbyggjarane og høyre deira synspunkt og bekymringar.

Eit folkemøte gjer innbyggjarane moglegheit til å stille spørsmål, få innsikt i bakgrunnen for vurderingane og uttrykkje sine tankar om korleis strukturendringane kan påverke både kvardagen til borna og samfunnet rundt.

Slik kan kommunen sikre at avgjerder vert teke med brei innsikt i kva som er viktig for innbyggjarane, og det gir òg eit større grunnlag for tillit til prosessen og dei endelege vedtaka.

Vi planlegg å gjennomføre tre folkemøte med tema «Innsparing og omstilling i skule- og barnehage».

Elevmedverknad

Elevmedverknad i denne saka er avgjerande for å sikre at dei som blir mest direkte påverka av avgjerdene, nemleg elevane, får si stemme høyrd. Ei utfordring kan vere at elevar ikkje alltid har full forståing for dei komplekse økonomiske og organisatoriske faktorane som ligg til grunn. Samstundes er det nettopp elevane sine erfaringar frå kvardagen i skulen som kan avdekke viktige aspekt som ikkje alltid kjem fram i administrative analysar. Elevane sin medverknad vil gi meir balanserte avgjerder og auka legitimitet for prosessen.

Vi ynskjer å legge til rette for god medverknad for elevane gjennom eit opplegg som er laga for bruk i klasseromma. Opplegget består av:

- Ein video som på pedagogisk vis forklarar den økonomiske utfordringa Sunnfjord kommune står i, og kva som kan vere aktuelle grep for å omstille drifta i kommunen til framtidig befolkningssamansetting.
- Refleksjonsspørsmål som elevane jobbar med i grupper.
- Eit skjema som elevane fyller ut i fellesskap. Skjema er primært kvantitativt for å gi data som effektivt kan analyserast, men har også fritekstfelt for eventuelle innspel som skjema ikkje tar opp i seg.

Opplegget vil ta ca. 45 min og tar opp i seg fleire kompetanssmål. Det er utarbeidd ei rettleiing for lærarane, for å sikre så lik gjennomføring som mogleg på dei ulike skulane. Elevråda og ungdomsrådet vil bli spesielt invitert til å gi uttale i saka.

11 Kommunedirektøren si tilråding

Etter ei samla vurdering av økonomiske, pedagogiske og sosiale faktorar, tilrår kommunedirektøren at Sunnfjord kommune gjennomfører Tiltak A, D og G som følgjer:

- **Tiltak A:** Slå saman Førde ungdomsskule og ungdomssteget på Halbrend til ein felles ungdomsskule i sentrum, samt justere skulekrinsane for barnetrinnet. Dette vil optimalisere ressursbruk og bidra til stordriftsfordelar i både drift og ressursfordeling, samstundes som det bevarer eit sterkt ungdomsskulemiljø i Førde sentrum. Tiltaket reduserer to barneskular i Førde sentrum, og frigjer også investeringsbehov på gamle Førde ungdomsskule. I tillegg kan vi redusere leigeutgifter i andre einingar ved å tilby Førde ungdomsskule som lokale.
- **Tiltak D:** Styrke Vassenden skule ved å samle ungdomsskulesteget frå Viksdalen, Skei og Holsen. Dette kan gi betre læringsmiljø gjennom større fagmiljø og meir robuste klassar, og reduserer samtidig kostnader knytt til drift av mindre skular. I dette tiltaket kan òg Viksdalen skule gjerast om til oppvekstun, som gir innsparingar i barnehagesektoren.
- **Tiltak G:** Justere ressursmodellen ved å redusere ressursramma per elev, noko som betyr at ressursane i skulen vert stramma inn utover det som kjem av elevtalsnedgangen aleine. Dette grepet vil redusere tilgangen på midlar per elev, noko som kan påverke både kvaliteten på undervisninga og evna til å tilby støttefunksjonar og ekstra tilrettelegging for elevar som treng det. Tiltaket vert difor vurdert som eit nødvendig, men krevjande innsparingstiltak som ikkje i seg sjølv styrkar kvaliteten i Sunnfjordskulen, men snarare er eit økonomisk påkrav for å sikre den samla driftsevna i sektoren.

Desse tiltaka vil, i kombinasjon, bidra til å oppnå innsparing- og omstillingsmåla med minste moglege risiko for at kvaliteten i grunnskuleopplæringa vert redusert. Utrekninga av økonomisk effekt er lagt ved som vedlegg i saka. Tiltaka er i tråd med prinsippa frå formannskapet.

Ved å gjennomføre desse grepa vil Sunnfjordskulen kunne møte framtida med ein stabil og berekraftig skulestruktur, som legg til rette for fagleg utvikling og eit godt læringsmiljø for alle elevar.
